

Trygt i hamn etter tur til Vesterhavsøyane.

22.06.2017



Seglbåten VILJA med mannskap, Leif Jarle Bergstø ( skipper ), Kåre K. Rød, Reidar Myklebust ( redar ) og Mange Huglen.

**I kveld i 20 tida kom seglbåten VILJA med mannskap til Uskedalen. Med avreise 6. juni og tur både til Shetland og Orkenøyane har dei lagt bak seg heile 600 nautiske sjømil. Veret har vore lagleg for segling. På seglasen mellom øyane var det uroleg sjø med dønning. Med sydaust kuling det siste døgeret inn mot norskekysten, var det godt å koma innaskjærs i 12 tida i dag.**

Seglbåten VILJA har fungert fint. Båteigar, Reidar Myklebust, er godt nøgd med turen og mannskapet. Han lovprisar skipper Leif Jarle Bergstø for stødig og god leiing. Kåre K. Rød har mange turar bak seg og må reknast som ein røynd sjømann. Magne Huglen reiste over med fly, mønstra på i Lervick på Shetland og var med på heimturen.

Det har vore ein hendingsrik tur med mange kulturelle opplevingar. På Shetland fekk mannskapet møta den norske musikaren Anbjørg Lien og konsert med gruppa The String Sisters. Med leigebil i to dagar fekk ein sjå mykje fint på hovudøya Mainland med særleg fokus på Scalloway, som var base for englandstrafikken i krigsåra. På sydspissen Sumburgh Head er det fyrstasjon og fuglefjell.

På Orkenøyane kom mannskapet oppi St. Magnus festivalen med det norske kronprinsparet og Kringkastingsorkesteret som gjester. Her valde nokre å gå på Mozart konsert med KORK og lokalt kor, mens andre tok buss rundt på øya. Whisky destilliri og St Magnus katedralen i Kirkwall er faste tumål.

På Shetland var det tid til å møta mannskapa på seglbåtane FATUHIVA og M og C, også dei frå Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bbringedal